



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik sokneråd

Årsmelding 2024

Lavik Sokneråd:

- Leiar: Toril Lange
Nestleiar: Katrin Borlaug Ringereide
Medlem: Torunn Styve
Medlem: Maria P. Zimmermann Espeseth
Medlem: Bjørn Harald Nybø
Medlem: Eldrun Nordahl
1. vara/sekretær: Regine Borlaug Pettersen
2. vara: Wenche Liljedal
3. vara: Terje Båtnes
4. vara: Solveig Evensen
5. vara: Oddny Marie Bruåsdal



Representantar i Høyanger kyrkjelege fellesråd

- Bjørn Harald Nybø Vara: Torunn Styve
Toril Lange Vara: Eldrun Nordahl

PERSONALSITUASJONEN.

- Sokneprest: Inger Cecilie Fitje begynte i ei 80% stilling som diakon i prestestilling frå 01.01.2024
- Prost: Knut Magne Nesse
- Kantor: Gerda Otterstein hadde permisjon fram til ho slutta 15. mars . Følgjande har spelt på gudstenester og/eller gravferder: Peter Jobbagy, Harald Dahlstrøm, Kjell Ivar Aase, Gro Gunnarson, Katrin Borlaug Ringereide og Malgorzata Anna Tveit.
Frå 1. juli var Harald Dahlstrøm tilsett i 50 % stilling som kyrkjemusikar frå 1. august vart Peter Jobbagy tilsett i 40% stilling som organist.
- Kyrkjelydspedagog: Heike Müller til 31. okt 2024
- Kyrkjevevje Stig Jonny Fitje
- Administrasjonssekretær: Ali Kharrat til 31.07. Renate Ørnehaug Dale frå 1. september.
- Kyrkjetenar: På dugnad: Olav Hellebø og Terje Båtnes
- Klokkar: På dugnad: Torunn Styve og Toril Lange. I tillegg har born og unge vore tekstlesarar og lese bøner.
- Kyrkjevartar: Eldrun Nordahl. Katrin Borlaug Ringereide, Maria Zimmermann Espeseth, Toril Lange, Regine Borlaug Pettersen, Torunn Styve og Oddny Marie Bruåsdal.
- Diakoniutval/
- Kontaktgruppa: Helen Vos, Anny Rysjedal, Bjørg Støldal, Vigdis Vik Aven, Aud Andreassen, Rigmor Hovland, Liv Aven og Tor Wergeland.
- Kontaktperson Kirkens Nødhjelp : Toril Lange og Katrin Borlaug Ringereide
- Kasserar: Liv Aven
- Revisor: Bjarne Hellebø

Lavik sokneråd har hatt 5 møter og har handsama 23 saker. Hovudsakene har vore gudstenesteplanen og fordeling av oppgåver, planlegging og evaluering av arrangement.

Soknerådet mottok godtgjersle frå Høyanger kyrkjelege fellelsråd for det arbeidet frivillige utfører i samband med kyrkjelege handlingar og drift av kyrkja (klokkar, vask og kyrkjetenar). Takk til dei som gjer ein dugnadsinnsats og slik gjer at soknerådet har økonomisk handlefridom.

GUDSTENESTER, KYRKJELEGE HANDLINGAR OG KYRKJELYDSSAMLINGAR

Årsstatistikk	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Gudstenester	21	24	19	20	26/22	21/19	24/22	18/17	22/19	22/18
Deltakarar	1065	833	831	690	1102/ 864	840/ 745	673/	1025/ 950	903/ 783	1020/ 819
Gudsteneste m/nattverd	8	14	9	7	15/12	6/5	6/5	10/9	11/9	8/5
Delt nattverd	163	219	127	103	438/ 263	185/ 110	69/45	213/ 145	228/ 162	203/ 83
Dåp	6	5	2	4	5	5	6	5	2	5
Konfirmantar	8	6	7	2	2	6	5	9	7	5
Vigsler	2	0	1	0	0	0	0	1	0	0
Gravferder	10	8	3	2	4	9	10	3	13	7
Andakter på helsesenteret	10	11	10	10	10	4	5	9	9	8
Takkoffer	3123 8	23179	19830	21500	25539	19324	22562	29401	22316	29746

Frå og med 2019 vart gudstenester på Alværa der born/unge frå soknet deltok, rekna med i statestatikken for Lavik. Likeins gudstenestene der bygdefolket var invitert. Difor er det 2 tal i ein del kolonnar. Første talet er summen for Lavik kyrkje og Alværa, medan andre talet gjeld berre Lavik kyrkje. I 2024 er gudstenestene på Alværa: konfirmantleir for Høyanger og Hyllestad, minikonfirmantleir for Lavik, Hyllestad, Høyanger og Balestrand, Kyrkje- og misjonsdagen i januar og Alværastemnet i juni.

Gudstenestene

Talet på frammøtte på gudstenester er stabilt. På gudstenester tilrettelagt for familiar/born er det godt frammøtte, men barnetalet er synkande noko som syner på totalt frammøtte. På vanlege gudsteneste har oppslutnaden minka dei siste åra.

I 2024 var det ikkje gudsteneste i juli, då ein har erfaring med svært lite frammøtte på desse gudsteneste.

Friluftsgudstenesta var 2. juni på Norevik – på moloen til Bruåsdal. Oddny Marie og Magnus hadde klargjort staden til gudsteneste. Friluftsgudstenesta var også minikonfirmantavslutning. Det var godt frammøtte og god stemning. Og veret var med oss – litt sol og stille.

Ei av gudstenestene var i samband med prostemøte på Alværa – med 18 deltakarar/18 til nattverd.

AKTIVITETAR I LAVIK SOKN

Mat og prat.

2 gonger i året inviterer soknerådet til «Mat og prat». Samlingane har vore på Alværa. Ein startar samlingane med å ete kvelds i lag..

14. februar: Geir Sørebo samtalte med Jens Friis om livet, trua og tvilen. – 17 frammøtte

23. oktober: Geir Sørebo samtalte med fjorårskonfirmantane – Aisha, Ida-Emilie, Jørgen og Maren-Andrea. 22 frammøtte.

50-årskonfirmantar

Søndag 25. august var det gudsteneste der dei som vart konfirmerte for 50 år sidan var inviterte. 4 av 50-årskonfirmantane møtte. Nokre meldte avbod rett før pga sjukdom. Dei fekk jubileumsboka Lavik kyrkje 150 år, som gåve frå Soknerådet.

På same gudsteneste vart 3 ungdomar som skal vere med på konfirmantopplegget skuleåret 24/25, presenterte.

Salmekveld – «Vi syng jula inn» var ein onsdag i adventstida.

Eit ensemble på 12 frå Fjordbrass sytte for musikk og tonefølgje. Katrin Ringereide Borlaug spelte piano til nokre av songane. Eirin Borlaug, Marita Borlaug og Toril Lange fortalde kort om ulike songane/salmane. Etter mykje song og stemmebruk gjorde det godt med kyrkjegløgg og peparkaker. Det var til saman 35 i kyrkja denne kvelden.

Årsfesten med årsmøte

vart avvikla onsdag 20. mars på Alværa. Årsfesten har dei siste åra blitt eit arrangement for heile storfamilien. Fleire av borna kom seinare, pga skulemusikkøving. Difor starta ein festen med årsmelding og årsmøte.

Då alle var på plass,, var det tid for middag – kjøttkaker og pølse med brød.

2 jenter hadde musikk-innslag. Det var PowerPoint frå aktivitetar i soknet i 2024, litt informasjon om Misjon i Mali og basar/åresal til inntekt for prosjektet. Det kom inn nesten 4000,-

Årsfesten vart avslutta med kaffi/soft og kaker. Konfirmantar tok ansvar for oppvasken.

Borna fekk utdelt ei påskebok.

42 møtte, av dei 14 born/ungdom.

Fasteaksjonen 2024

vart gjennomført ved ein dør-til-døraksjon, der konfirmantane gjekk med bøsser. I tillegg vart det hengt opp plakatar, vart informert på facebook og på samtalegudstenesta. I bøssene vart det samla inn 8675,-. I tillegg kom det inn 5930,- på vipps – og 8684 på konto Samla sum vart 23 288, -

Påskemarkering rundt kyrkja.

Som vanleg var det påskemåltid skjærtorsdag. Langbord vart dekkja i midtgangen. Denne gongen var det kun 14 som deltok på påskemåltidet. Var det litt tilfeldig at oppslutnaden var så liten? Bør ein endre opplegget og tilpasse det til born/ungdom? I tillegg var det høgtidsgudsteneste 1. påskedag. Då deltok born i inngangsprosesjon. Rundt kyrkja var det også 14 plansjar der ein delte påska sin budskap om HÅP og med bibeltektar om Jesu si oppstode.

Dugnad på kyrkjegarden

Soknerådet inviterte til vårdugnad på kyrkjegarden 29. april. I løpet av nokre timar vart grusgangar reinska, lauv fjerna og bed ved parkeringsplassen reinska. Det synta godt igjen at 9 personar hadde jobba nokre timar. Dugnaden vart avslutta med kaffi/sveler i kyrkja.

Vedlikehald på kyrkja/fornyng:

Fornyng og oppgradering av det elektriske anlegget.

Brannalarmen knytt til alarmsentralen i Florø.

BARNE-OG UNGDOMSARBEID

Alt barne- og ungdomsarbeid, med unntak av konfirmantar, vert utført av uløna og i regi av soknerådet.

Tårnagenthelga i midten av januar er ein tradisjon. 4 tårnagentar frå 2.-5. klasse var med. Det var ein kjempeflott gjeng som sette sitt preg på tårnagentgudstenesta den søndagen.

Påskevandring rundt kyrkja. Det var laga oppgåveark til plansjane rundt kyrkja, og born/unge vart oppmoda å vere med på vandringa. Oppgåvearka fann dei ved dåpssakristiet og det var laga eitt oppgåveark for dei yngste og eitt for dei litt eldre. Alle som hadde vore med på vandringa og hadde sendt inn oppgåvearket, var med i trekninga av påskesnop. 9 born/unge leverte svarark.

Myldresamling i kyrkja

er eit tilbod for born i barnehagealder. Det er samling med song, bøn, Jesusforteljing, lystenning og kanskje ei formingsøkt. Ein avsluttar med å ete kvelds i lag.

I vår var det 4 samlingar med frå 5 til 8 born kvar gong. 9 born har vore med på ein eller fleire samlingar.

I haust vart gruppa delt i 2 – ei myldresamling for born som ikkje hadde begynt på skulen og ei samling for dei som går i 1.-2. klasse. Det har vore noko utfordringar med frammøte pga vegstenging mot Lavikdalen.

Myldresamling for dei yngste har hatt 2 samlingar + 4-årssamling med inntil 5 frammøtte.

Myldresamling for 1.-2. klasse har hatt 1 samling med 5 born + 6 årssamling i forkant av hausttakkefesten.

T-dagar: Trusopplæringsdagar

Det er ikkje t-dagar dette året.

1.-2. klasse får tilbod om myldresamling og 3.-4. klasse Maki.

Maki

starta opp i haust og er eit tilbod til dei frå 3. klasse og eldre. Det har vore 2 samlingar, med 11 born første gongen og 8 andre gongen. Maki har vore på fredagsettermiddag i styrarbustaden på Alværa med taco, leik, Jesusforteljing og misjonsglimt.

Minikonfirmantar

Våren 2024 var det minikonfirmantopplegg for 4.-6. klasse med 8 deltakarar.

Det var 4 samlingar rett etter skuletid anten på kyrkjekontoret eller i kyrkja. I tillegg var det leir på Alværa i april med minikonfirmantar frå Lavik, Hyllestad, Høyanger og Balestrand. På friluftsgudstenesta 2. juni fekk minikonfirmantane diplom.

Hausttakkefest

i september. Då vart alle born inviterte til å få bok og til å bere inn ei korg med frukt og/eller grønt i starten av gudstenesta. Det vart delt ut 15 bøker til born frå Lavik, av dei 3 Mi kyrkjebok 4 og 5 Mi kyrkjebok 6. På gudstenesta var det 2 dåp og det vart delt ut ca 10 bøker til born i dåpsfølgja som ikkje var heimehøyrande i Lavik.

Aktivitetsdag på Alværa.

i 2024 vart det ikkje invitert til aktivitetsdag ein laurdag. Alværa var mykje opptatt og det var vanskeleg å finne høveleg dag.

Julaftan

Også dette året vart born inviterte til å vere med på eit julespel i samband med gudstenesta. Dei 2 siste åra har ein valt eit spel som ikkje kravde øving på førehand. I tillegg deltok dei med lesing, lystenning og solosong. 16 born/unge var medverkande.

Konfirmantar

Våren 2024

I løpet av våren var det nokre konfirmantsamlingar, konfirmantweekend på Alværa, besøk på Helsesenteret og samtalegudsteneste. Runar Matsui-Li hadde ansvar for konfirmantopplegget. 5 ungdomar var med på konfirmantopplegget.

Hausten 2024

var det Inger Cecile Fitje som hadde ansvaret for konfirmantopplegget der 3 ungdomar deltok. Dei har vore med på Kick off! på Alværa i september for alle konfirmantane i Høyanger og Hyllestad kommunar, og Konfirmantfestivalen for Sunnfjord på Sande i oktober. Ein satse på færre, men lengre samlingar. Opplegget er saman med konfirmantane i Bjordal&Ortnevik. Ein bruker *Delta - Konf Logg* – som konfirmantbok.

Leir på Alværa.

Soknerådet ser på leir som ein del av kyrkjelyden si trusopplæring og støtter difor born /unge frå Lavik med kr 300,- pr leir. NMSU har hatt 3 leirar på Alværa i 2024 – vinterleir, sommarleir og haustleir. 14 born har delteke på minst 1 leir anten som vanleg deltakar eller som ungdomsleiar.

Trusopplæringsarbeidet har god oppslutnad. Det er ein flott gjeng med born og unge som møtest på samlingane. Messenger-grupper vert brukt til informasjon og invitasjon – noko som fungerer veldig godt.

Oppsummering – vegen vidare

Det har skjedd mykje positivt og mykje vi kan glede oss over i Lavik kyrkjelyd i 2024

- Mat og prat har fungert godt og det er funne OK tema.
- Det er stor aktivitet for å vere ein såpass liten kyrkjelyd.
- Det er stor oppslutnad på trusopplæringstiltaka.
- Det kjem bra med folk på gudstenester når det skjer noko spesielt.
- Vandrande nattverd fungerer godt.
- Det er mange som er villige til å gjere ein frivillig innsats i kyrkjelyden slik at ting fungerer og vi kan samlast – både born, unge og vaksne.
- Andaktane på Helsesenteret er godt tilrettelagt av Kontaktgruppa.
- Vi har gode lokale både på kyrkjekontoret og på Alværa – i tillegg til kyrkja.

Utfordringar - Dette vil vi prøve å gjere noko med:

- Vi ønsker framleis ei friluftsgudsteneste i året.
- Invitere til Mat og Prat 1 gong i semesteret og auke oppslutnaden.
- Gje tilbod til alle born og unge.
- Samle fleire på «vanlege» gudstenester
- Salmekveld/Vi syng jula inn i adventstida
- Gjere arrangementa betre kjende.
- Utfordre enda fleire, også dei som ikkje er med i soknerådet, til å vere kyrkjevert eller til andre oppgåver.
- samling for 7.-10. klasse.

Til slutt: Takk til alle som tar på seg ei oppgåve – slik at vi kan ha gudstenester og kyrkjelege handlingar og vi kan samle born, unge, vaksne og eldre om den gode budskapet.

-

Lavik 26, febr 2025
Lavik sokneråd

Toril Lange
- soknerådsleiar -